

**Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:**

- Cirotzki, Kai Inge (24.09.1970), signert 25.02.2026 med Signicat Sign BANKID
- Nes, Karita (10.10.1975), signert 25.02.2026 med Signicat Sign BANKID



**Det signerte dokumentet inneholder**

En forside med informasjon om signaturene, alle originaldokumenter og digitale signaturer.



**Dokumentet er forseglet av Posten Bring**

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Bring AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



**Slik ser du at signaturene er gyldig**

En digital signatur er kun gyldig digitalt. Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er signert av Posten Bring AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.



## Protokoll frå årsmøte 2026 - Hafslo IL

Torsdag 12. februar 2026 kl. 19 på Eikum Hotell

### Til stades:

28 ved starten av møtet. 25 ved slutten.

### Sak 1: Opning

Årsmøtet starta kl. 19. Leiar Ove Midtbø ønskte velkomen og informerte om praktisk gjennomføring av møtet.

### Sak 2: Godkjenning av innkalling

Godkjent utan merknadar.

### Sak 3: Godkjenning av sakliste

Godkjent utan merknadar.

### Sak 4: Val av møteleiar og skrivar

Årsmøtet valde Ove Midtbø som møteleiar og Birthe Johanne Finstad som skrivar.

### Sak 5: Val av to medlemar til å skriva under møteboka

Kai Inge Cirotzki og Karita Nes vart valde til å skriva under møteboka.

### Sak 6: Årsmelding frå styret

Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til hovudstyret.

### Vedtak

*Årsmøtet godkjenner årsmeldinga frå styret.*

### Sak 7: Årsmelding frå gruppene

- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til stadionstyret.
- Lars Olav Halleråker orienterte om årsmeldinga til alpingruppa.
- Nils Petter Solheim orienterte om årsmeldinga til fotballgruppa.
- Benedikte Fløtra Grøteig orienterte om årsmeldinga til barneidrettsgruppa.
- Terje Brunborg orienterte om årsmeldinga til trimgruppa.
- Terje Fardal orienterte om årsmeldinga til langrennsgruppa.
- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til handballgruppa.
- Jon Ove Lomheim orienterte om årsmeldinga til hoppgruppa.

### Vedtak

*Årsmøtet godkjenner årsmeldingane frå gruppene.*





Årsmøtet godkjenner heile årsmeldinga for Hafslo IL 2025. Endeleg årsmelding blir lagt ut på nettsida til idrettslaget etter mindre språklege justeringar.

## **Merksemd til Idrett for alle**

Kristine Fardal Norheim, Celine Fardal Norheim, Ingrid Ølnes, Gabriela Alberska og Lisa Røneid frå Idrett for alle vart heidra i samband med at gruppa fekk Tilgjengeprisen til Luster kommune i 2025. Instruktørane i gruppa fekk kvart sitt innsatskrus og eit gåvekort frå Intersport. Kristine fekk i tillegg blomar, som leiår for gruppa. Gruppa samla fekk ein gåvesjekk på 3000 kr til felles sosial aktivitet.

Årsmøtet tok pause med matsservering frå kl. 20.30 til kl. 21.10.

## **Merksemd frå fotballgruppa/Lerum cup-nemnda**

Nils Petter Solheim delte ut innsatskrus, blomar og gåvekort til Karita Nes for innsatsen i styret i fotballgruppa 2020-2025 og kioskansvarleg i Lerum cup-nemnda 2022-2025.

Tonje Grønstad fekk innsatskrus og NVRLND-sokkar for innsatsen i marknadsnemnda, fotballgruppa og Lerum cup-nemnda i perioden 2023-2025.

Ann Kristin Torgersen fekk innsatskrus og NVRLND-sokkar for innsatsen i fotballgruppa og Lerum cup-nemnda i perioden 2022-2025.

## **Merksemd frå alpint- og friskigruppa**

Desse fire unge trenarane i gruppa fekk innsatskrus og NVRLND-sokkar:

- Sindre Helle Tandberg
- Theodor Nitter Walaker
- Bård Inge Fredheim
- Ola Svidal

## **Merksemd frå trimgruppa**

Desse fekk innsatskrus for innsatsen med å få i gang tilbod med grunntrening og sirkeltrening i 2025:

- Elin Anette Hillestad
- Kjersti Eikum Tang

Desse to som går ut av gruppestyret fekk innsatskrus og NVRLND-sokkar:

- Kjell Arild Høyum (medlem sidan 2020)
- Monica Heggstad (medlem sidan 2021)

## **Merksemd frå barneidrettsgruppa**

Kai Atle Øygaard går ut av gruppestyret og fekk innsatskrus.

## **Merksemd frå hoppgruppa**

Desse fekk innsatskrus for stor dugnadsinnsats i 2025:

- Reidar Øygaard
- Åge Engesæter
- Dag Aanes





- Jon Ove Lomheim (i tillegg NVRLND-sokkar)

## Merksemd frå stadionstyret

Tore Ørbeck fekk innsatskrus og NVRLND-sokkar for stor dugnadsinnsats i 2025.

## Merksemd frå hovudstyret

Theo Opem-Moen fekk NVRLND-sokkar etter å ha vore ungdomskontakt det siste året.

## Sak 8. Rekneskap 2025, inkl. økonomimelding styret og melding frå kontrollutvalet

- Ove Midtbø gjekk gjennom og orienterte om rekneskapen for 2025.
- Kontrollutvalet ved Herman Odd Stein orienterte om arbeidet til kontrollutvalet.
- Ros frå kontrollutvalet: ryddige styrereferat og godt formulerte vedtak, god økonomioppfølging gjennom heile året og bra med merksemd på medlemstal og oppfølging av medlemsskap. Ros frå Herman Odd til kontrollutvalkollega og tilflyttar Gerd: Ho har gjort til at intelligensnivået i bygda har gått vesentleg opp, og vesentleg ned der ho flytta frå.
- Kommenterar frå kontrollutvalet: Utvalet har blant anna gjennomgått og kontrollert rekneskapen, styrereferat, materiallister, økonomimeldinga til styret, disposisjonsrett til ulike kontoar i Luster Sparebank, tilgangar til rekneskapskontoret, attestasjon og dokumentasjon av ein del kostnader, handsaming av kontantar på haustmarknaden.
- Kontrollutvalet har slik merknad til forvaltning/styring av laget: Styret har følgd opp vedtak frå årsmøtet og følgd lov for Hafslo IL. Basert på materialet kontrollutvalet har fått framlagt, er det ikkje grunn til fleire merknadar.
- Konklusjon: Kontrollutvalet har ingen merknad til framlagt rekneskap, og tilrår at årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2025.

## Vedtak

*Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2025.*

## Sak 9: Fastsetjing av medlemskontingent for 2027

Styret føreslår at vi held fram med gjeldande takstar, som er

- 300 kr for enkeltmedlemskap
- 750 kr for familiemedlemsskap
- 100 kr for pensjonistmedlemsskap

## Vedtak

*Årsmøtet vedtek at Hafslo IL held fram med gjeldande satsar for medlemskontingent med verknad for 2027.*

## Sak 10: Budsjet 2026

Ove Midtbø orienterte om budsjettforslaget styret legg fram og viste til at dette byggjer på rekneskapen for 2025, innspelte ønskje og planlagde investeringar i 2026.





Merknader til budsjettet:

- Alpint- og friskigruppa og hoppgruppa har utgifter til drift på Sogn skisenter. Desse utgiftene er ført som driftsutgifter på hovudstyret i budsjettet. Dette gjeld også driftsutgiftene for hopp på skisenteret.
- Fotballgruppa ønskjer å investera i klede til trenarar og lagleiarar i 2026, i tillegg til noko anna profileringsutstyr. Det er sett ein såpass høg sum til dette under «Andre utgifter» i 2026, pga. dette er «oppstartsår». Det blir supplering neste år, men mindre sum. Profileringsklede og -utstyr er viktig profilering for HIL på cupar og turneringar dei ulike laga er ute på.
- Ove Midtbø orienterte om at budsjettet samla sett er i balanse, sjølv om det er budsjettert med underskot for enkelte av gruppene. Budsjettet gir likevel stort rom for investeringar og omfordeling mellom gruppene ved behov.

## Vedtak

*Årsmøtet godkjenner budsjettet 2026.*

### Sak 11: Organisasjonsplan Hafslo IL 2026–2030

Organisasjonsplanen er gjennomgått og revidert. Planen byggjer på den tidlegare planen, men er forenkla. Planen byggjer på erfaringar frå førre periode og skal vera eit styringsverktøy for laget.

Den største endringa gjeld dugnadsinnsats i samband med Lerum cup. Historisk sett er dette eit arrangement der fotballgruppa har jobba dugnad og fått det meste av inntektene. Dei siste åra har skigruppene hatt hovudansvar for overnattingsdugnad, medan fotballgruppa har hatt ansvar for kioskdugnad og parkering. Framover vil ein sjå større på det og gjera Lerum cup-dugnaden til ein Hafslo IL-dugnad, meir enn ein fotballdugnad. Målet er at fleire deltek i dugnaden, at det blir fleire som deler på både dugnadsinnsats og -inntekter. Organisasjonsplanen gir styret og gruppene gode rammer for å oppnå målsetnaden om fellesdugnad i samband med Lerum cup og styring og drift av idrettslaget.

## Vedtak

*Årsmøtet godkjenner Organisasjonsplan Hafslo IL 2026–2030.*

### Sak 12 Innkomne saker

#### a. Sportsplan fotballgruppa 2026–2029

Nils Petter Solheim orienterte kort om planen og nokre av endringane som er gjort.

- Visjon: fotballglede for alle
- Korleis oppnå dette? Flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg.
- Har sett på kriterium for hospitering og prøvd å gjera dette klarare.
- Turneringsdeltaking: Kwart lag får no dekt lagsavgift for to turneringar på sommaren og to på vinteren.

Spørsmål/innspel:

Kva tenkjer fotballgruppa om hospitering? Bør det inn faste aldersgrenser og årstal? NFF tilrår 10 år som eit minimum. Hospitering kan påverka mykje for både spelarar og spelargruppa, og det er





SKIPA 1934

mange element som spelar inn, både idrettsleg og sosialt. Det kan vera lurt med klare standardar, særleg for spelargruppa. HIL er ein liten klubb, og det er ikkje sikkert rangering for tidleg er det som gagnar fotballen på Hafslo. Hafslo IL bør i alle fall ikkje vera meir liberale enn NFF.

Svar frå leiar i fotballgruppa Nils Petter Solheim: Godt innspel. Fotballgruppa har prøvd å gjera retningslinjene for hospitering klarare i planen slik han er no. Planen er også eit levande dokument, som kan jobbast vidare med. Fotballgruppa tek med seg dette vidare.

## Vedtak

*Årsmøtet godkjenner Sportsplan fotballgruppa 2026–2029.*

### b. Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031

Ove Midtbø orienterte om saka, utkastet til plan og prioriteringane der. Det har kome inn fleire innspel til anlegg. Det er viktig at Hafslo IL gir signal til kommunen, og gjer vedtak og prioriterer anlegg for å få desse med i den kommunale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv som skal rullerast i 2026.

Planen inneheld informasjon om

- anlegg HIL har i dag
- anlegg som er under arbeid
- anlegg det tidlegare er meldt inn behov for
- nye anlegg som er spelte inn til årsmøtet

Styret legg fram forslag til følgjande prioritering framover:

1. fotballhall (anlegg som er avhengig av kommunal støtte)
2. rekrutteringsanlegg for alpint og friski i banktrekket ved Sogn skisenter
3. rehabilitering og utviding av klubbhuset i Moane
4. fleirbrukshall Hafslo
5. anlegg knytt til langrenn ved Sogn skisenter (tidtakarbu/stadionbygg og garasjebygg for utstyr - anlegg som er avhengig av tett dialog med Sogn skisenter)
6. hopp K45 Sogn skisenter
7. hopp K65/70 ved Sogn skisenter
8. kunstgras 11-ar på Hafslo stadion i Moane

Innspel/merknadar:

- Jon Ove Lomheim orienterte om hopp K45-anlegget, og at dette er ein viktig del av fullføringa av rekrutteringsanlegget som er under arbeid på Sogn skisenter. Viste til at heilårsanlegg er framtida for hoppporten og at hopping på plast utanfor vintersesongen krev minimalt med vedlikehald.
- På spørsmål frå årsmøtet om det var naudsynt med endå fleire hoppbakkar enn dei tre hoppbakkane som er etablert, viste Jon Ove til at K45 er ein naudsynt del av eit samla rekrutteringsanlegg. Og samanlikna dette med behovet for ulike banestorleikar innanfor fotballen.

- Cirotzki, Kai Inge (24.09.1970), 25.02.2026
- Nes, Karita (10.10.1975), 25.02.2026





- Ordet alpint bør kanskje ut av namnet på rekrutteringsanlegget for alpint- og friski, for å tydeleggjere at dette er eit friskianlegg?

## Vedtak

Årsmøtet godkjenner prioriteringa til styret og vedtek Anleggsplan Hafslo IL 2026–2031. Ordet alpint blir teke ut av namnet på friskianlegget (prioritet 2). Styret får mandat til å følge opp prioriteringane og spelar dei inn til den kommunale planen innan 1. mai 2026.

## Sak. 13: Val 2026 – sjå vedlegg

Erna Hamrum orienterte om hovudstyret sitt framlegg til val. Viste innleiingsvis til at idrettslaget ikkje har hatt valnemnd, og at styret og gruppearane har fungert som valnemnd.

## Framlegg til vedtak

Hovudstyret: Årsmøtet støttar framlegget til leiar, og Ove Midtbø vert attvald som leiar. Grupper, nemnder, utval og kontaktpersonar: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til val av medlemmer til ulike grupper/utval. Hovudstyret får i dialog med særgruppene mandat til å finne medlemmer til ledige verv i hovudstyret og gruppene fram til neste årsmøte.

Valnemnd: Hovudstyret jobbar vidare med å få på plass fleire personar til valnemnda. Hovudstyret og særgruppene fungerer som valnemnd inntil vidare.

## Vedtak

Årsmøtet godkjente styret sitt framlegg til val for 2026.

## Avslutning - merksemd frå hovudstyret

Årsmøtet vart avslutta med merksemd frå hovudstyret til følgjande personar:

- Birthe Johanne Finstad går ut av hovudstyret. Ho fekk innsatskrus, mummi-krus, blomar og gåvekort for innsatsen i hovudstyret sidan 2016.
- Styrk André Hofslundsengen fekk innsatskrus og blomar for innsatsen i hovudstyret og andre tillitsverv gjennom mange år.
- Terje Brunborg fekk innsatskrus og blomar som leiar for Trimgruppa gjennom mange år.
- 

**Årsmøtet vart heva ca kl. 23.30.**

Underteikna protokoll:

\_\_\_\_\_

Kai Inge Cirotzki

\_\_\_\_\_

Karita Nes

## Vedlegg:

1. Val 2026
2. Oversikt over merksemd på årsmøtet 12.02.2026



**Vedlegg 1: Val 2026****Hovudstyret**

Verv	Namn	Valperiode
<b>Leiar</b>	<b>Ove Midtbø</b>	2026 – 2027 (i styret 2025-2027)
1. nestleiar og sekretær	Tore Bø	2026 - 2028
2. nestleiar, medlemsansvarleg	Erna Hamrum	2026 - 2028
Kasserar	Tonje Torgersen	2025 - 2027
Styremedlem	Styrk Andre Hofslundsengen	2025 - 2027
Styremedlem	Signe Gudveig Rauboti	2025 - 2027
Ungdomskontakt		2026 – 2027
1. varamedlem	Arthur Bremer Brynjulfsen	2026 - 2027
2. varamedlem	Birthe Johanne Fredheim Finstad	2026 - 2027

**Fotballgruppa**

<b>Leiar</b>	<b>Nils Petter Solheim</b>
Nestleiar og fairplayansvarleg	Helge M. Byrkjeland
Styremedlem, kioskansvarleg, kioskansvarleg Lerum cup, miniputtansvarleg	Tonje Grønstad
Styremedlem og ansvarleg aldersbestemt fotball	Ann Kristin Torgersen
Styremedlem og landslagskuleansvarleg	Anja Renate Buskaker
Styremedlem og økonomi- og FIKS ansvarleg	Tormod Tufte Tyssen
Styremedlem og parkeringsansvarleg	Jan-Erik Røneid
Styremedlem og Materialforvaltar	Bjarni Valsson
Styremedlem og miniputtansvarleg	Lene Madsen
Styremedlem og dommaransvarleg	

**Trimgruppa**

<b>Leiar</b>	<b>Terje Brunborg</b>
Medlem	Tor Erik Ones
Medlem	Aslaug Øydvin
Medlem	Tonje Torgersen

**Barneidrettsgruppa**

<b>Leiar</b>	<b>Benedikte Fløtra Grøteig</b>
Medlem	Marit Haugan Hove





Medlem	Christine Raas Øygard
--------	-----------------------

## Alpin- og friskigruppa

<b>Leiar</b>	<b>Lars Olav Halleråker</b>
Medlem	Ann Helen Liljedahl
Medlem	Lars Håkon England
Medlem	Wenche Aspelund Linde

## Hoppgruppa

<b>Leiar</b>	<b>Jon Ove Lomheim</b>
Medlem	Per Birger Lomheim
Medlem	Håvard Ese Eliassen
Medlem	Ane Hestad
Medlem	Eirik Hoem

## Langrennsgruppa

<b>Leiar</b>	<b>Terje Fardal</b>
Medlem	Per Fridolf Hillestad
Medlem	Irene Barca Fardal
Medlem	Sondre Svidal Møller

## Håndballgruppa

<b>Leiar</b>	<b>Monika Alvestad Reime</b>
--------------	------------------------------

## Orienteringsnemnd

<b>Kontaktperson</b>	<b>Ove OKlevik</b>
----------------------	--------------------

## Stadionstyret

<b>Leiar</b>	<b>Tore Ørbeck</b>
Medlem	Bjarni Valsson
Medlem	Rolf Johan Stranden
Medlem	Birger Moene
Medlem	Mats Listou



**Marknadsnemnd**

Representant frå hovudstyret	Erna Hamrum
Medlem	Sigrud Fredheim Finstad
Medlem	Mette Johannessen
Medlem	Tonje Grønstad
Medlem	Ann-Elisbeth Skjerven
Medlem	Birthe Johanne Fredheim Finstad

**Lerum cup-nemnd**

Representant frå hovudstyret	Ove Midtbø
Representant frå fotballgruppa	Blir utnemnt av fotballgruppa
Representant frå stadionstyret	Tore Ørbeck
Representant frå skigruppene	Lars Olav Halleråker
Kiosknemnd Lerum cup	Tonje Grønstad – leiar Medlemmar: Ann-Elisbeth Skjerven, Ann Kristin Torgersen, Silje Opheim, Cathrine Nese Kine Torgersen, Erna Hamrum, Silje Haukås-Johansen

**Friddrettsutval**

<b>Kontaktperson</b>	Representant frå trimgruppa
----------------------	-----------------------------

**Skøyteutval**

<b>Medlem</b>	Per Ivar Lomheim
---------------	------------------

**Kontrollutval**

Gerd Westby
Herman Odd Stein

**Luster idrettsråd**

<b>Leiar</b>	<b>Ove Midtbø</b>
Medlem	Signe Gudveig Rauboti
Leiar i kontrollutvalet	Geir Arne Kvam
Ungdomskontakt	
Medlem i valnemnda	Erna Hamrum





## Fleirbrukshall Hafslo\*

Jone Solberg Vik	
Marit Haugan Hove	
Nils Petter Solheim	

*\*Nemnda og hovudstyret får mandat til å jobbe vidare med ansvar og mandat for nemnda for hall, og også å få med fleire medlemmar i nemnda.*

## Stolpejakt Luster kommune

Terje Brunborg	
Ove Midtbø for Luster idrettsråd	

## Hestesportnemnd Hafslo IL

Kontaktperson	Svein Solheim
Kontaktperson	Harald Hess

## Kajakknemnd Hafslo IL

Styret i HIL inntil vidare	

## Valnemnd

Gry Høyheim	

*\*Hovudstyret får mandat til å jobba vidare med å få på plass personar til valnemnda.*



**Vedlegg 2: Innsatskrus/merksemd årsmøte Hafslo IL 12.februar 2026****HOVUDSTYRET**

Birthe Johanne Fredheim Finstad	Styremedlem sidan 2016. Økonomikontakt 2017-2024 og nestleiar 2024-2025	Innsatskrus, blomar, mummi- krus og gåvekort Intersport Sogndal
Styrk Andrè Hofslundsengen	Styremedlem sidan 2023. Trenar og lagleiar fotball i mange år. Årets lagspelar HBF 2025.	Innsatskrus + blomar

**FOTBALLGRUPPA**

Karita Nes	Leiar Fotballgruppa 2023 og styremedlem Fotballgruppa 2020-2025 LC-nemnd 2022-2025 (kioskansvarleg)	Innsatskrus, blomar, og gåvekort Intersport Sogndal
Tonje Grønstad	Marknadsnemnd 2023. Fotballgruppa 2024 og 2025. LC-nemnd (kiosk) 2024 og 2025	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
Ann Kristin Torgersen	Medlem Fotballgruppa sidan 2022 (miniputtansvarleg). LC-nemnd (kiosk) sidan 2023.	Innsatskrus + NVRLND-sokkar

**ALPINT/FRISKIGRUPPA**

Sindre Helle Tandberg	Trenar friski	Innsatskrus
Theodor Nitter Walaker	Trenar friski	Innsatskrus
Bård Inge Fredheim	Trenar friski	Innsatskrus
Ola Svidal	Trenar friski	Innsatskrus

**TRIMGRUPPA**

Monica Heggstad	Medlem sidan 2021	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
Kjell Arild Høyum	Medlem sidan 2020	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
Kjersti Eikum Tang	Oppstart sirkeltrening Trimgruppa 2025	Innsatskrus
Elin Anette Hillestad	Oppstart sirkeltrening Trimgruppa 2025	Innsatskrus





Terje Brunborg	Leiar sidan 2022. Modernisert Trimmian/trimsesongen. Ansvar for Stolpejakta på Hafslo sidan 2023	Innsatskrus + blomar
----------------	--	----------------------

## IDRETT FOR ALLE - TRIMGRUPPA

Kristine Fardal Norheim	Hovudinstruktør	Innsatskrus, blomar, og gåvekort Intersport Sogndal
Celine Fardal Norheim	Instruktør	Innsatskrus, gåvekort Intersport Sogndal
Ingrid Ølnes	Instruktør	Innsatskrus, gåvekort Intersport Sogndal
Lisa Røneid	Instruktør	Innsatskrus, gåvekort Intersport Sogndal
Gabriela Alberska	Instruktør	Innsatskrus, gåvekort Intersport Sogndal
<b>Gruppa samla</b> <b>Medhjelparar:</b> Sara, Emilie, Jan Martin, Per Christian, Marte, Amanda <b>Utøvarar:</b> Marta, Natalie, Alexandra, Anna Iren, Philip, Andreas, Lucas		Gåvesjekk kr.3000 til felles aktivitet

## BARNEIDRETTSGRUPPA

Kay Atle Øygard	Medlem 2025	Innsatskrus
-----------------	-------------	-------------

## LERUM-CUP NEMND/MARKNADSNEMND

Karita Nes	Sjå Fotballgruppa	Sjå Fotballgruppa
Tonje Grønstad	Sjå Fotballgruppa	Sjå Fotballgruppa
Ann Kristin Torgersen	Sjå Fotballgruppa	Sjå Fotballgruppa

## HOPPGRUPPA

Reidar Øygard	Dugnad hoppanlegget	Innsatskrus
Åge Engesæter	Dugnad hoppanlegget	Innsatskrus
Dag Aanes	Dugnad hoppanlegget	Innsatskrus
Jon Ove Lomheim	Dugnad hoppanlegget	Innsatskrus + NVRLND-sokkar





## STADIONSTYRET

Tore Ørbeck	Dugnad stadionstyret	Innsatskрус + NVRLND-sokkar
-------------	----------------------	-----------------------------

## UNGDOMSKONTAKTAR

Theo Opem-Moen	Medlem 2025	NVRLND-sokkar
----------------	-------------	---------------

## Anna merksemd:

- Kontrollutvalet ved Gerd Westby og Hermann Odd Stein – sjokoladekonfekt etter nok eit år med viktig arbeid med å kontrollere rekneskapen og idrettslaget si verksemd.

Hafslo 11.02.2026

Styret Hafslo IL

